



Eldst på Solheim av veteranane i morgon: Thomas Eik

**Imorgon søndag er freds- og veterandagen som skal markerast over heile landet. I Uskedalen blir det gudsteneste og rundtur med buss før veteranane samlast på Solheim Turiststasjon om kvelden.**

**70 er registrert og invitert og 30 har meldt seg til denne samkoma, opplysar leiar for arrangementet Kristian Bringedal.**

Det er 8 inviterte frå Uskedalem og 4 av desse kjem på Solheim. Dei er Thomas Eik (Milorg), Arne Tveito (Tysklandsbrigaden), Harald Raudstein (Gaza) og Bjarne Lilleaas (Libanon).

Dei 4 andre er Endre Nilsen (Libanon), Steinar Myklebust (Gaza), Knut Inge Halvorsen (Kosovo) og Odd-Arne Lærum.

Bringedal opplysar at det enno ikkje er for seint å melda seg og møta fram til det historiske og sikkert minnerike treffet. Der blir det mellom anna lese opp ei spesiell helsing frå ordførar Synnøve Solbakken og Bringedal.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen